

List of Signatures

Page 1/1



Protokoll_Styremøte 14. februar 2023_140223.pdf

Name	Method	Signed at
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2023-03-21 18:58 GMT+01
Ovrid, Marianne	BANKID	2023-03-21 15:05 GMT+01
Vikesland, Sigurd	BANKID	2023-03-21 12:55 GMT+01
Sortland, Petter	BANKID	2023-03-21 09:17 GMT+01
Skrede, Åge	BANKID_MOBILE	2023-03-21 09:00 GMT+01
Larsen, Bjarne	BANKID_MOBILE	2023-04-06 13:52 GMT+02
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2023-03-22 13:26 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 72DC710ACC824E4C9F10FFE728D826CB

Styremøte 14. februar 2023

tir 14 februar 2023, 09:30 - 13:00

Festingdalen

Deltakere

Styremedlemmer

Torunn Hønsi, Petter Sortland, Åge Skrede, Birgit Lervik, Marianne Ovrid, Bjarne Larsen, Sigurd Vikesland

Fraværende: Jøril Hovland, Ernst Ståle Øvstetun

Møteprotokoll

1/23

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent

Beslutning

Dagny Alvik

2/23

Godkjenning av referat frå styremøtet 13.12.22

Vedtak: Referat frå styremøtet 13.12.2022 vart godkjent og signert elektronisk

Dagny Alvik

3/23

Driftsorientering

Administrasjonen orienterte om drift og pågåande saker.

Vedtak: Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

Orientering

Dagny Alvik

4/23

Foreløpig rekneskap for 2022

Rekneskapen for 2022 viser eit foreløpig årsresultat nokolunde på nivå med budsjett.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til vitande

Orientering

Aud Beheim

5/23

Orientering om Sirkla Ressurs AS

Førebelse tal på omsetnad og resultat i 2022 er under budsjett. Årsakene er fleire, dieselprisane spelar ei stor rolle, men også mindre aktivitet. Starten på 2023 er meir positiv. Ombygginga av Sirklahuset er starta og planlagd ferdig i juni 23.

Vedtak: Styret tek informasjon om Sirkla Ressurs AS til vitande

[Sak 5.23 Orientering om Sirkla Ressurs AS.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik

6/23

Styret si årsmelding - utkast/innspeil

Styret si årsmelding følgjer av krava til forsvarleg rapportering til eigarane

Vedtak:

1. Administrasjon utarbeider forslag til endeleg årsmelding basert på drøftingane i styret til neste styremøte

2. Styret gir administrasjonen løyve til å utarbeide ein meir fylldig og digital årsrapport

[Sak 6.23 Styret si årsmelding - utkast.pdf](#)

[SIMAS_Likestillingsutgreiing_2022.pdf](#)

Diskusjon

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.



Document ID:
72DC710ACC824E4C9F10FFE728D826CB

7/23

Rapport internkontroll/HMS

Internkontrollforskrifta §5 ledd 8 krev at ein skal foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen minst ein gong i året for å sikre at den fungerer som tenkt. Dette skal også opp i styret. Det er gjort ein internrevisjon av HMS-systemet av HMS-leiar i forkant som er gjennomgått i AMU. Mål og årshjul for HMS-arbeidet er sett opp.

Vedtak: Styret tek rapporten til vitande og ber administrasjon følgje opp arbeidet med internkontrollen i samsvar med dei konkrete måla som er sett

-  Sak7.23 Rapport internkontroll HMS 2022 (002).pdf
-  Leiingas gjennomgang av internkontrollen.pdf

Diskusjon
Anne Sigrid Harjo

8/23

Styret vurderer direktør og seg sjølv



I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei vurdering av direktør og styrets arbeid. Dette som del av eigenoppgåva til styret. Rapport frå evalueringa vart lagt fram.

Det er fleire som påpeikar at det er for mange saker, og for lite tid til drøftingar og diskusjonar. Dette fekk også dårlegast skår. Det var semje i møtet om at administrasjonen sender ut skriftleg orientering om drifta i forkant av møtet, og at ein bruker mindre tid på dette i møtet.

Elles er det også kommentert at det krevst mykje kompetanse innan fagfeltet.

Vedtak:

1. Styret tek evalueringsrapporten til vitande
2. Administrasjon sender evalueringa vidare til valkomiteen

-  Sak 8.23 Styret vurderer direktør og seg sjølv_rev.13.02.23.pdf
-  Vedlegg Styret vurderer seg sjølv og direktør sitt arbeid_rev.13.02._2022.pdf




Diskusjon
Dagny Alvik

9/23

Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer

I samsvar med årsplan til styret i SIMAS IKS skal ein årleg gjennomføre ei evaluering av dei etiske retningslinjene i SIMAS. Dette som del av kontrolloppgåva til styret. I tillegg vart det etiske retningslinjene drøfta i AMU

Vedtak: Styret gir administrasjon i oppgåve å revidere noverande etiske retningslinjer

-  Sak 9.23 Gjennomgang og evaluering av etiske retningslinjer.pdf
-  23 Vedlegg Utkast_reviderte etiske retningslinjer.pdf
-  Etikkheftet.pdf



Diskusjon
Dagny Alvik

10/23

Eigarskap i Vest Resirkuleringscenter AS

SIMAS IKS har det siste året vore deleigar i Vest Resirkuleringscenter AS. Det har vore nyttig å få meir innsikt i både pyrolyseteknikk og industrimiløet i Høyanger. Selskapet har samstundes fått tilgang til SIMAS sin kompetanse om avfallsmarknaden, og SIMAS har hjulpet selskapet til å kome dit ein er i dag. Dette er ei grunderversemd som har krevd ein del ressursar av SIMAS IKS både i tid og pengar. Det er no behov for meir ressursar inn i selskapet for å auke akjsekapitalen, og styret må ta stilling til om ein framleis ynskjer å vere eigar.

Vedtak: SIMAS ynskjer å trekke seg ut av selskapet, og tilbyr den andre eigaren, Gjenkraft AS, å kjøpe aksjane for den prisen dei vart kjøpt for.

-  Sak 10.23 Vurdering av eigarskap i Vest Resirkuleringscenter AS.pdf
-  Vedlegg Deloitte kommunale avfallsselskapers rammebetingelser, muligheter og barrierer i den sirkulære økonomien.pdf

Beslutning
Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
72DC710ACC824E4C9F10FFE728D826CB

11/23

Samarbeid med Grønn Vekst AS

SIMAS har starta dialog med Grønn Vekst AS om mogleg samarbeid for å sikre større omsetning av vår kompost. Grønn Vekst har fleire anlegg i Norge, og ser at komposten til SIMAS kan vere nyttig i deira produksjon av jordprodukt. Dei kan bidra med kompetanse og sal/marknadsføring som sikrar vår omsetning av produkta.

Ein Joint Venture avtale er ikkje rekningsvarande på dette stadiet, ein forslår difor at ein kan inngå ein lisensavtale i første omgang. Auka omsetning av komposten er avgjerande for vidare produksjon.

Vedtak: Styret gir administrasjon fullmakt til å utarbeide lisensavtale med Grønn Vekst AS.

[Sak 11.23 Samarbeid med Grønn vekst AS.pdf](#)

Beslutning

Dagny Alvik

12/23

Revidering av renovasjon og slamforskrifta

I oppfølging av klagesaka om avfallsgebyr frå fråflytta eigedom har også Sivilombodet sett på om SIMAS-forskrifta og SIMAS sine retningslinjer for fritak frå renovasjonsgebyr. Ombodet ber SIMAS om å gjennomgå retningslinjene for avfallsgebyr slik at vi sikrar at desse er i tråd med ureiningslova § 34, jf. § 30.

SIMAS er samd med Sivilombodets rettslege utgangspunkt. Det er behov for å revidere forskrifta der ein presiserer at tvungen renovasjon gjeld eigedomar der det oppstår husholdningsavfall. I følgje Miljødirektoratet kan ein krevje søknad frå eigar av fråflytta eigedom, der eigaren må sende inn dokumentasjon/bevis på at eigedomen ikkje vert nytta.

Revidering av forskrifta er ein omfattande prosess som vil ta omlag eit år. SIMAS ynskjer likevel å endre praksis allereie frå no. Vi vil også kartleggje saker bak i tid, og starte først med saker handsama i 2022, og deretter saker som har vore handsama sidan endringa av noverande forskrift vart gjort i jan 2021. Vi ynskjer å opptre ansvarleg, og sørgje for at folk ikkje har lidd overlast.

Endringa av forskrifta og innkreving av gebyr for renovasjonsordninga vil få konsekvensar for renovasjonsgebyret for abonnentane i Sogn, jf. sjølvkostprinsippet. SIMAS er plikta til å ha renovasjonsordning i heile distriktet, og dette vil føre til auka belastning på dei resterande abonnentane.

Vedtak: Styret ber administrasjonen setje igang arbeidet med å revidere renovasjon- og slamforskrifta til SIMAS IKS, slik at den er i henhold til forureiningslova § 34, jf. § 30. Særskilt må forskrifta sin § 2 Verkeområde og § 18 endrast.

[Sak 12.23 Revidering av renovasjon om slamforskrifta.pdf](#)

[Vedlegg sak 12.23 Revidering av renovasjon om slamforskrifta.pdf](#)

Diskusjon

Dagny Alvik

13/23

Tilsetting av Direktør

Simas IKS har hatt konstituert direktør fram til 1. mai 2023. Fast stilling som direktør vart difor lyst ut 4. Januar 2023 og utlysinga låg ute på Jobb Norge, Finn.no, SIMAS sine heimesider og annonsen vart spreidd i SoMe. Søknadsfristen var vel 3 veker etter utlysinga vart offentleggjort. Det kom inn 4 søknader innan fristen, der ein søker ikkje var kvalifisert til jobben. To av søkerane vart halde utanfor offentlegheit med grunngjeving i off.lova § 25, 2.ledd. Tilsettingsutvalet vurderte deira grunngjeving som rimeleg. Etter ei nærmare vurdering var 2 av kandidatane vurdert til å vere kvalifiserte og aktuelle for intervju, og to intervju vart gjennomført. Begge kandidatane gjorde gode inntrykk på intervju, og viste motivasjon og lyst på jobben. Etter ei samla vurdering av søknad, CV og intervju, samt dei gode erfaringane styret har hatt med Alvik i konstituert stilling, innstilte tilsettingsutvalet Dagny Alvik som nr. 1 til jobben.

Vedtak: Styret tilbyr Dagny Alvik fast direktørstilling i SIMAS, og gjev styreleiar fullmakt til å utarbeide eit tilbod og ny jobbkontrakt. Løna skal justerast årleg i samsvar med lønsoppgjeret i offentlig sektor.

Beslutning

Torunn Hønsi



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
72DC710ACC824E4C9F10FFE728D826CB